

Alver Kommune  
v/byggesak  
Postboks 4  
5918 FREKHAUG

Knarvik, 06.11.2020

## Fleire opplysningar i høve Søknad om godkjenning av leikeareal f\_L3 Kubbaleitet gbnr 137/66.

Vi viser til kommunen sitt brev datert 05.11.2020 vedkomande fleire opplysningar.

### Søknad om dispensasjon frå arealføremål til etablering av kjøyrbar tilkomstveg til pumpestasjon f\_TB1.

Det vert søkt om dispensasjon frå arealføremålet for etablering av tilkomstveg til  
kommunal pumpestasjon f\_TB3.

### Unnatak for nabovarsel.

Vi ber om unnatak frå nabovarsel i høve søknad om dispensasjon. Veggen er ein del av det  
generelle tilkomstarealet i dette området. Avviket frå intensjonen i reguleringsplanen  
framstår som lite og påverkar nabo(ar) i veldig liten grad.

### Utgreiing i høve avkjørsle og tilkomst til området.

Tilkomst er planlagt vil skje frå felles parkeringsplass f\_P1, vidare tilkomst vert mellom  
bustad og parkeringsplass. Det vil på eit kort strekke her vere totalbredde på det smalaste  
på ca 2,3 m. Det er mogleg å snu kommunal tenestebil ved pumpestasjonen.  
Kommunen har tidlegare opplyst at normalbehovet for tilkomst med tenestebil er ca 2-4 g.  
pr år. Vi anser risiko i høve tilkomst over bustad og parkeringsområde og påverknad elles  
på desse områda som særst liten.

Vurdering av tryggleikstiltak for å hindre anna trafikk.

Vi har vurdert det som lite sannsynleg at anna trafikk enn normal gang/sykkel ferdsel vil  
skje. Dette i hovudsak pga av at heile f\_P1/BB1 er «privat» område (få ukjente kjøyretøy  
kjem inn). Vidare vil tilkomsten «tett» i bygg BB1 og elles at vegarealet er på eit opplyst og  
oversiktleg areal tett i bygg og nabobygg medverke til at det ikkje skjer.

Vi foreslår likevel oppsetting av vegbom vist på situasjonskart.

Grunngjeving for dispensasjonen:

Kommunen har i sin utbyggingsavtale pkt 7.5 med utbyggar stilt krav om kjøyrbar  
tilkomstveg til pumpestasjon. Det er reguleringsplanen eller anna dokument ikkje planlagt  
eller sagt noko om tilkomst til denne. Slik tilkomst er avgjerande for at kommunen skal  
kunne drifte stasjonen forsvarleg.

#### VISJON:

HEILSKAP  
OG KVALITET

Osterfjordv.124  
5914 Isdalstø

Org.nr :  
982 231 345

epost: [post@reigstadbygg.no](mailto:post@reigstadbygg.no)

heimeside: [www.reigstadbygg.no](http://www.reigstadbygg.no)

Dagleg leiar:  
**Geir Reigstad**  
92 60 82 35  
[geir@reigstadbygg.no](mailto:geir@reigstadbygg.no)

#### Bygg

Fagleg leiar:  
**Håkon Reigstad**  
92 60 82 36  
[hakon@reigstadbygg.no](mailto:hakon@reigstadbygg.no)

Fagleg leiar  
byggesak og  
prosjektering:  
**Kjell Reigstad**  
97 74 79 64  
[kjell@reigstadbygg.no](mailto:kjell@reigstadbygg.no)

Teikning  
Prosjektering,  
Byggesak  
Nybygg  
Tilbygg  
Bustad  
Garasjar  
Hytter

#### Entreprenør

Fagleg leiar  
**Rolf Reigstad**  
90 03 97 61  
[rolf@reigstadbygg.no](mailto:rolf@reigstadbygg.no)

Graving,  
Boring  
Sprenning  
Transport  
Støyping  
Natursteins  
Muring  
Uteareal  
Grøntareal

Tilkomstvegen vert ein del av øvre leikeareal og vil også fungere som hovudtilkomstveg til leikeplassen for mange. Arealet er også planlagt nytta til leik, vi har i vår søknad nemnd som del av sykkelbane.

Tryggleik.

Vegen vil verte nytta av kommunen sitt dritspersonell som tilkomst når det er naudsynt med ettersyn eller service på anlegget. Vi oppfattar dette som 2-4 g. årleg med normal drift og på dagtid. Vi ser difor ulempene og risiko for konflikt som små.

Vegen er naudsynt for å gjennomføre offentlege teneste.

Me meiner fordelane ved å gje dispensasjon er klart større etter ei samla vurdering.

Vurdering av forholdet til pkt 5.7 i føresegnene til planen.

Stadeigen vegetasjon som skjerm mot parkering og nabo i aust.

Pga av dei omfattande tekniske tiltaka som er gjennomført i området har det ikkje vore mogeleg å ta vare på stadeigen vegetasjon (sjå vedlagt teknisk plan)

Skjerm mot parkering.

Som avbøtande tiltak har vi planta hekk i skråning mot parkering. Etter kvart så denne veks til vil dette vere ein effektiv skjerm frå parkering mot leikeplass (og nabo.)

Skjerm mot nabo.

Vi har i planlegginga hatt dialog og funne omforeint løysing med nabo vedkomande tiltak i grense og eventuell skjerm. Vi har vorte ening om at vi skal ruste opp og gruse eit areal med breidd ca 1m på vår side av grensa (for å hindre groing) og å setje opp nytt grensegjerde. Nabo fekk i oppgåve å fjerne eksisterande gjerde (som var gamalt og lealaust). Alt er utført av begge partar. Nabo har elles beplaning/hekk på si side av grensa og ønskte ikkje noko meir...

Med vennleg helsing  
For Reigstad Bygg og Eigedom as

Kjell-A. Reigstad (S)  
Ansvarleg søkjar